

Til stades: Alle utanom Rolf.

1.Valg.

Leiar: Jan Håland

Nestleiar: Karina Riise-Wergeland

Kasserer: Rolf Rian

Leiar og nestleiar er med i SU og SMU

SMU : Birte Nævdal Pedersen

SMU: Lene Gjelsvik

2.Info frå skulen.

I dag har kommunestyret oppe sak om byggetrinn tre i rehabiliteringa. Reknar med at det går gjennom sidan det var einstemmig i formannskapet.

Det har vore ein del hærverk på skulen. Knusing av glaskuppel utanfor inngangen til Midtgard. Dette er blitt meldt til politiet.

Den 30.09.2014 blir det sykkeldag på skulen for 5-7 trinn.

Administrasjonen held no på med budsjett for skuleåret 15/16, det er ikkje så lett då vi må rekna både med og utan elevane frå Skodvin.

3.Leksehjelp.

Dei siste åra har alle skular hatt leksehjelp for 1. – 4. klasse. No kan kvar kommune bestemma kva klassertinn som skal ha leksehjelp. Det skal framleis vera 8 timar. FAU på Lindås barneskule ønsker at 4. – 7. trinn skal få tilbod .

4. Verksemdsplanen

Den ligg no ute på heimesida. Ingen innvendingar. Det blir bra om ein greier å følgja alt som står

5. Arbeid mot mobbing

Skulen er i år og med på aksjonsveka mot mobbing.

Tema i år er : Voksne skaper vennskap på nett.

6. Nasjonale prøver.

Nasjonale prøver for 5., 8. og 9.klasse

Dei skal ha prøvar i:

-Lesing

-Rekning

-Engelsk

Lesinga er på papir, dei andre på PC.

Nokre elevar kan få fritak: Spesialelevar og framandspråklege elvar.

7. Trafikk

Rektor har fått spørsmål om barn som er yngre enn 5. klassingar kan sykla til skulen, han las opp e-posten. Det vart ein lang diskusjon. FAU meiner at det er flott dersom foreldra syklar med barna til skulen. No er det ingen som har gang og sykkelveg heilt til skulen. Trygg trafikk anbefalar ikkje at yngre barn syklar til skulen. Dei farlegaste tidspunkta på dagen er når skulen startar og sluttar, då er det mest trafikk. FAU går imot at vi skal opna opp for at elevar på småtrinnet kan sykla til skulen.

Det ble bestemt at vi skal fortsetje med trafikksikringsgruppe. Denne består av leiar, nestleiar i FAU, saman med rektor. Dei har møte ein time før neste FAU-møte.